

## **Kulturminne i Etne**

Som alle veit er Etne Kommune rik på forminner. Venstre vil aktivt gå inn for tiltak som vil hjelpa til å synleggjera desse, og utvikla ein strategi som vil gjera det mogleg å benytta kukturarven innan reiseliv, kultur og utdanning.

Me vil no snart ha eit ferdigstillt kulturhus som med små investeringar vil verta eigna som utstillingsstad for kulturminner frå vårt nærmiljø. Me ynskjer å få til eit samarbeid med Bergen Museum og Skakkesenteret om utlevering av forminner, samt å byggja opp eit system for utstilling og formidlng av infromasjonen som følgjer dei enkelte objekta. Såleis vil gjenstandar som har tilknytning til bygda får sin plass som ein del av vår eigen kulturarv og gi oss eit sterkare band til (for) historia vår. Denne formidlinga av kulturminner vil gi avkasning i form av å vera lett tilgjengelege i forhold til historieundervising, samt vera synlege for dei som vitjar bygda. Dette blir eit tilbod reiselivet kan dra nytte av.

Me meiner det er vikitg å plassera slikt historisk matriale lett tilgjengelig for folk.

Ansvarleg:

Jan T Rafdal